

Anbefalte retningslinjer for sosiale samankomstar

Inkludering og sosial tilhøyrse er viktig for at elevane ved Undheim skule skal trivast og ha eit godt læringsmiljø. Som føresette har me stor påverknad på det sosiale samspelet mellom barna, og FAU ønskjer å kome med tilrådingar for rammer rundt sosiale samankomstar for elevane ved Undheim skule.

Dette dokumentet er meint som eit forslag til retningslinjer for sosiale samankomstar for elevane på Undheim skule. FAU tilrår at dokumentet blir gjennomgått på foreldremøte og oppmodar til diskusjon rundt innhaldet.

Bursdagar

Invitasjonar

Det blir tilrådd å invitere alle i klassen, eventuelt alle jentene/gutane i klassen.

Gåver

Det er nyttig å bli samde om eit felles nivå for kor mykje ein gir i gåve, til dømes 50 kroner i pengegåve eller ei gåve til om lag 75 kroner. Diskuter gjerne dette på foreldremøte slik at det er ei felles forståing for nivået.

Dersom selskapet ikkje blir halde i nærleiken av Undheim, kan det vera lurt å avtale køyring og henting med andre foreldre. Det er alltid fint å hjelpe kvarandre med logistikken.

Vennegrupper

FAU har vedteke at 1.-4. trinn på Undheim skule skal ha vennegrupper. Vennegrupper er ein arena der elevane kan bli kjende med fleire enn dei vanlegvis er saman med på skulen og i fritida. Skulen set opp vennegruppene. Dersom skulen tilrår vennegrupper for å sikre samhald også på høgare trinn, støttar FAU at dette blir prioritert.

Vennegrupper skal vera eit lågterskel sosialt samvær og ikkje fungere som eit bursdagsselskap. Vennegruppene kan haldast både heime hos elevar eller utandørs på t.d. ein leikeplass. Lærarane legg ut informasjon om inndeling av vennegruppene og når kvar elev skal ha vennegruppe.

Føresette i dei ulike vennegruppene skal bli einige om datoar som passer for alle.

Vennegrupper bør prioriterast framfor andre fritidsaktivitetar, men avtal gjerne kva dag som passar best for elevane i gruppa.

Sosiale samankomstar i regi av foreldrekontaktane

Det er kjekt med ulike samankomstar i løpet av skuleåret. Ein kjekk aktivitet for å samle alle i klassen er spelekveld. Her kan ein få låne passande rom på skulen, og elevane tek sjølve med seg brettspel.

På slike samankomstar er det viktig at alle blir inkluderte, og at eventuelle grupper blir delte inn på førehand. Dette sikrar at alle kjenner seg velkomne og har nokon å vera saman med.

Føresette blir oppmoda til å delta på sosiale samankomstar. Det er også viktig at dei vaksne ikkje kjenner seg utanfor, og foreldrekontaktane kan oppmoda til å snakke med nokon andre enn dei ein kjenner godt frå før.

Sosiale samankomstar der fleire elevar frå same trinn møtest

Det er viktig å ha fokus på inkludering og samhald i alle samanhengar der fleire barn møtest. Dette kan gjelde t.d. filmkveldar, bading eller andre arrangement. Her er det kanskje ikkje alltid like enkelt å invitere like mange som til eit bursdagsselskap, men FAU tilrår at foreldra hjelper barna med å setje rammer som gjer at andre ikkje kjenner seg ekskluderte.

Tilrådingar

- Tal på inviterte: Det skal sjølvsagt vera mogleg å invitere ei vennegruppe til filmkveld, men det er fornuftig å avgrense talet på inviterte slik at det ikkje blir nokre få som står utanfor. Ein grei tommelfingerregel er at så lenge under 50 % av til dømes jentene er inviterte, er det greitt.
- Prøv å avgrense praten om samankomsten på førehand, og oppmod barna til ikkje å snakke mykje om dette på skulen.

Føresette

Nokre av oss er tilflyttarar, medan andre har vakse opp i Undheim-krinsen. Felles for oss alle er at me har barn som går på Undheim skule. For at barna våre skal kjenne seg inkluderte og oppleve sosial tilhøyrslse, er det også viktig at me vaksne inkluderer kvarandre.

FAU oppmodar kvart trinn til å ha fokus på dette og tilrår at det blir arrangert ein bli-kjent-kveld. Nokre trinn vel å arrangere mor-/far-kveld eller familiedag der alle kan delta.

Foreldrekontaktane blir også oppmoda til å ta kontakt med tilflyttarar for å informere om kvar dei finn relevant informasjon, kva arrangement som er planlagde på trinnet det aktuelle året, og generelt ønskje dei velkomne til Undheim-krinsen. Ein liten telefonsamtale kan gjere det lettare å ta kontakt og bidra til at ein kjenner seg velkomen.

Kommunikasjonskanal

For å sikre at alle foreldre på trinnet får den same informasjonen, bør det opprettast ein informasjonskanal som er kjend for alle. Føresette må bli einige om kva kanal som fungerer best for dei.

Generelle tilrådingar

FAU ønskjer at alle foreldre i krinsen skal ha fokus på inkludering og arbeide for ein open kultur der me snakkar saman og bryr oss om kvarandre.

Foreldrekontaktane og FAU har saman eit felles ansvar for å løfte aktuelle tema inn i foreldregruppa. Det første foreldremøtet i byrjinga av skuleåret er ein god arena for å ta opp aktuelle tema:

- Årshjul for arrangement på trinnet
- Prisnivå for bursdagsgåver
- Informasjons-/kommunikasjonskanal